

NVH Arbeidsplan 2025

Hovudmål:
Få gjennomslag for dei prioriterte sakene våre
Nå vervemål på 5000 medlemmar i Hordaland
Styrka lokallaga og fylkeslaget
Hovudstrategiar:
Setja dagsorden i offentleg debatt/informasjonsarbeid.
Driva politisk påverknadsarbeid i enkeltsaker.
Støtta lokale aksjonar, initiativ og samarbeid i viktige saker.
I 2025 vil me særskilt jobba for:
BEVARING AV NATUR
Å organisera og finansiera Naturens stemme med støtte til lokallag som arbeidar for å forsvare Naturavtalen i kommuneplanar og reguleringsplanar
Kommunane vedtek arealnøytralitet, utarbeidar naturrekneskap, plan for barnetråkk («snarvegar») og utarbeidar klimastrategiar
Ta vare på meir natur, og auka innsatsen for restaurering av øydelagd natur
Få skrinlagt store utbyggingsplanar som gjev naturtap
Kamp mot skogsbilvegar
Innskjerpingar i oppdrettsnæringa, som lukka anlegg/redusert volum i opne anlegg, fleire tiltak for å beskytta villaksen og sterkare reaksjonar mot bruk av giftstoff/forureining
Styrka vassdragsvernet, og få fleire vassdrag verna
KLIMA, INDUSTRI, KRAFT OG SAMFERDSEL
Støtta utbyggingsprosjekt som bidrar til redusert klimaavtrykk
Arbeida mot elektrifisering av sokkelen med kraft frå land
Grøn omstilling for industrien
Krav om plan for kutt i store punktutslepp
Kjempe mot nye motorvegar
Arbeida for raskast muleg bygging av bybane til Åsane, og støtta andre kollektive transportløysingar.
ORGANISASJONSUTVIKLING
Betre bistand til lokallaga
Fleire frivillige i Naturvernforbundet
Vurdera til årsmøtet 2026 om Bergen bør ha eige aktivt lokallag. Minst to medlemsmøte for Bergen i perioden
Formidla praktisk kunnskap og erfaring gjennom prosjekta